

BØR BØRSON JR.



Det Norske Teatret

SPELPLANEN PÅ ANDRE TEATER :



HOVEDSCENEN:

Henrik Ibsen: KONGSEMNERNE
Regi: Magne Bleness, scenografi: Christian Engemar, musikk: Egil Kapstad.
William Shakespeare: EN SOMMERNATSDRØM
Regi: Edith Roger, dekor: Lubos Hruza, kostymer: Per Lekang, musikk: Jan Garbarek.
Euripides: BAKKANTINNENE
Regi: Pål Løkkeberg, koreografi: Gerd Bugge, scenografi: Lubos Hruza, musikk: Terje Rypdal.
Astrid Lindgren: KARLSSON PÅ TAKET (familieforestilling).
Regi: Mats Ek, scenografi: Ingrid Rosell.
Henrik Ibsen: ET DUKKEHJEM
Regi: Edith Roger, scenografi: Guy Krohg.
Kent Andersson: AGNES
Regi: Otto Homlung, dekor: Tine Schwab, kostymer: Tine Schwab/Lita Prahl.
Arnold & Bach: DEN SPANSKE FLUE
Regi: Hans Dahlin, scenografi: Christian Egemar.

AMFISCEEN (åpner i november).

August Strindberg: DEN STERKESTE OG KREDITORER
Regi: Stein Winge, scenografi: Gunnar Almo.
Henrik Ibsen: GENGANGERE
Regi: Pål Løkkeberg, dekor: Tine Schwab, kostymer: Tine Schwab/Lita Prahl.
August Strindberg: FRØKEN JULIE
Regi: Kirsten Sørli, scenografi: Per Lekang.

FOR BARNA:

GUTTEN OG GULLFUGLEN av Tone Danielsen, Sigmund Sæverud, Nils Utsi og Erik Blindheim med viser av Klaus Hagerup og Svein Scharffenberg. Musikk: Knut Heljar Hagen. Regi: Svein Scharffenberg, dekor og kostymer: Tine Schwab.

DEN NORSKE OPERA

OPERAREPERTOAR:

Hallvard Johnsen: LEGENDEN OM SVEIN OG MARIA
Regi: Jens Chr. Ek scenografi: Kollektiv fra Operaen, dirigent: Per Åke Andersson.
Franz Lehár: DEN GLADE ENKEN
Regi og scenografi: Lars Runsten, dirigent: Zdenko Peharda.
W. A. Mozart: FIGAROS BRYLLUP
Regi: Arne Hendriksen, scenografi: Arne Walentin, dirigent: Per Åke Andersson.
Giacomo Puccini: KAPPEN OG GIANNI SCHICCHI
Regi: Per E. Fosser, scenografi: Lubos Hruza, dirigent: Per Åke Andersson.
Gioacchino Rossini: BARBEREN I SEVILLA
Regi: Jens Chr. Ek, scenografi: Arne Walentin, dirigent: Arvid Fladmoe/Zdenko Peharda.

BALLETTREPERTOAR:

George Balanchine: APOLLON MUSAGETES
Musikk: Igor Stravinskij, dirigent: Per Åke Andersson, scenografi: Thor Sutowski.
Barhold Halle og Edith Roger: HAUGTUSSA
Musikk: Edvard Grieg og Finn Ludt, dirigent: Rolf Østbye, scenografi: Kjell Stormoen (Drammens Teater).
John Cranko: SPILL MED KORT
Musikk: Igor Stravinskij, dirigent: Per Åke Andersson/Zdenko Peharda, scenografi: Dorothee Zippel.
Michel Fokine: PETRUSJKA
Musikk: Igor Stravinskij, dirigent: Per Åke Andersson, scenografi: Alistair Powell.



HOVEDSCENEN:

Nils Kjær: «DET LYKKELIGE VALG»
Regi: Torvald Maurstad, scenografi: Anna Gisle.
John Guare og Galt McDermott: «TO MUNTRE HERRER FRA VERONA»
Regi: Barthold Halle, scenografi: Harald Martin.
Gideon Wahlberg: «SKJÆRGÅRDSFLIRT»
Regi: Erik Lassen, scenografi: Bjørn Næss.

I CENTRALTEATRET:

Henrik Ibsen: «KJÆRLIGHETENS KOMEDIE»
Regi: Terje Mørli.
Curt Flatow: «SISTE KUPPET»
Regi: Jon Lennart Mjøen.

BARNETEATRET:

Jevgeni Schwarz: «RØDHETTE»
Regi: Kari Sundby, scenografi: Karel Hlavaty.

DUKKETEATRET:

Jean L. Temporal: «AUTOBOMMEN» og «KOM SOL, KOM REGN»
Regi og scenografi: Jean L. Temporal.



HOVEDSCENEN:

Arnold & Bach: «DEN SPANSKE FLUE»
Regi: Rolf Berntzen, scenografi: Gunnar Alme.
Kent Andersson: «AGNES»
Regi: Anne Gullestad, scenografi: Dag Frogner.
Ludvig Holberg: «ERASMUS MONTANUS»
Regi: Rolf Berntzen, scenografi: Christian Egemar.
Goodrich/Hackett: «ANNE FRANKS DAGBOK»
Regi: Gunnar Olram, scenografi: Johan Sverre.
Willner/Reichert: «JOMFRUBURET»
Regi: Lothar Lindtner, scenografi: Gunnar Alme.

FOR BARNA:

Helgeland/Haave: «EN TIGER GÅR I SKOGEN LØS»
Regi: Rolf Daleng, scenografi: Per Fjeld.

LILLE SCENE:

Helge Hagerup: «HVORFOR ER ALT SÅ LENGE SIDEN?»
Regi: Arne Jacobsen, scenografi: Helge Hoff Monsen.
Knut Horvei: «HJALLARBRU»
Regi: Anne Gullestad, scenografi: Karel Hlavaty.

FOR BARNA:

Petter Bredal: «HVOR ER GIMPEN?»
Regi: Petter Bredal.

trøndelag teater

HOVEDSCENEN:

Arnold & Bach: DEN SPANSKE FLUE
Regi: Per Aabel/Arne Aas, scenografi: Per Fjeld.

TEATERLOFTET:

Erik Torstensson: OM SJU JENTER
Regi: Ola Moum, scenografi: Reidar Aspaas.

FOR BARNA:

Øystein Dolmen og Gustav Lorentzen: KNUITSEN & LUDVIGSEN
Regi: Rolf Daleng, scenografi: Snorre Tindberg.

Rogaland Teater

Henrik Ibsen: «ROSMERSHOLM»
Regi: Elisabeth Bang, scenografi: Snorre Tindberg.
Maxim Gorki: «NATTHEBERGET»
Regi: Sam Besekow, scenografi: Per Fjeld.

FOR BARNA:

Sverre Gran: «SNEHVIT OG DE SYV DVERGENE»
Regi: Sverre Gran.

HÅLOGALAND TEATER

Robert Bolt: «RIDDER BOLLE OG HANS KAMP MOT DRAGER OG BARONER»
Regi: Svein Scharffenberg. Scenografi: Kari Gravklev.

OPPSØKENDE TEATER FOR SKOLENE:

Bertolt Brecht: «UNNTAK OG REGEL»
Regi: Klaus Hagerup. Scenografi: Kari Gravklev.

TEATRET VÅRT —

MØRE OG ROMSDAL REGIONTEATER

Edvard Hoem: «KVINNENE VED FJORDEN»
Regi: Ole B. Johannessen. Scenografi: Helge Hoff Monsen.
«SHOW SHOW» — et stykke restaurantteater etter idé fra James Saunders' «GAMES»
Regi: Kjetil Bang-Hansen.



Lerner/Loewe: MY FAIR LADY

Regi: Terje Mørli, scenografi: Anna Gisle, musikalsk ledelse: Tor Hultin.
Henrik Ibsen: VILDANDEN
Regi: Merete Skavlan, scenografi: Gunnar Alme.
G. B. Shaw: PAPPAS HUS
Regi: Karen Randers-Pehrson, scenografi: Willi Nordrå
Gösta Bredefeldt/Lars Hansson/Yise-Lotte Nilsson/Suzanne Osten/Lena Söderblom: BELLMANN, BLOMSTEN, BABY OG BRURA
Regi: Svein Scharffenberg, scenografi: Guy Krohg, musikk: Gunnar Edander.
Stian Sørli: EKSPERIMENT
Regi: Thea Stabell, lyd: Peter Lodwick.

Fra Nationaltheatret:

Kent Andersson: AGNES
Regi: Otto Homlung, scenografi: Tina Schwab.
August Strindberg: DEN STERKESTE OG KREDITORER
Regi: Stein Winge.

Fra Det Norske Teatret:

Johan Falkberget/Harald Tusberg: BØR BØRSON JR.
Musikk: Egil Monn-Iversen, regi og koreografi: Henny Mürer, scenografi: Per Fjeld, kostyme: Grethe Wang.

Fra Den Nationale Scene:

Kent Andersson: AGNES
Regi: Anne Gullestad, scenografi: Dag Frogner.
Ludvig Holberg: ERASMUS MONTANUS
Regi: Rolf Berntzen, scenografi: Christian Egmar.

Fra Rogaland Teater:

Ray Cooney og John Chapman: FIRE OG FIRE ER SEX
Regi: Arne Thomas Olsen, scenografi: Willi Nordrå.

JOHAN FALKBERGET

har kalla «Bør Børson» for den «litterære lausungen» sin. Her fortel han korleis Børsungen vart til:

Det var i den verste tulltida då alle menneske vart så komisk galne. Og eg hadde sett meg føre å refse den fortulla samtida mi med harmens salte ris. I heilag vreide sette eg meg ned og skreiv alvorleg og dygdestrengt.

Dei fyrste kapitla var fylte av høgtidleg litterært alvor, men før eg visste ordet av det, hadde fyren fått ein så latteleg mentalitet at eg lo av full hals. Då gav eg ein god dag i det litterære Alvoret og skreiv og lo hjarteleg kvar måndag eit heilt år. For Børson vart skriven som føljetong i det kjende galgenbladet «Hvepsen».

Bør gjorde seg ikkje serleg der. Så sende eg forteljinga til Røgeberg som då var redaksjonssekretær i «Nidaros», og han svara med ein gong: «Den er et fund!»

No losna skredet, no vart låtten løyst — heile Noreg nordafor Dovre gapskratta veke etter veke. Eit halvt år seinare sende eg eit serprent av Børson til Anders Krogvig. Eit par dagar etter fekk eg brev frå han: «Nu ligger Bør så lang han er hos Nygaard, han skal trykkes, jeg har ledd mer enn jeg egentlig har godt av.»

Korleis det gjekk Bør no, veit vi alle. Kritikken var sterkt i villråd. Feinschmeckerane våga korkje le eller gråte. Men heile landet elles lo, gamle og unge, fattige og rike, lek og lærd.

Komikken ved Børson skaffa meg ei mengd rasande individ på halsen. Posten min vart med eitt full av skamlause brev frå folk som hevda at eg hadde skrive om d e i — om slektningane eller venene deira. Dei mest forbanna lova meg herleg juling — og anna hardhendt refsing.

I åra frametter har eg råka venen min, Bør Børson jr., alle stader i landet. Brei og mektig fylte han det rosemåla høgsætet hos den norske bonden, plystrande og velnøgd gjekk han opp og ned i hotell-korridorane, rund og triveleg sat han ved hyrnevindauga på kaféane våre, og bilen hans venta utanfor alle tider på døget.

Han var dagens helt.

Sidan har Johan Falkberget sagt i eit intervju med «Ekspressen» m. a.:

Det syner seg no at jobbetida er av sekundær art. Ho var nok berre ei tilfelleleg plattform der Bør gjorde sin entré. Han kunne ha komi utan henne om enn i ein annan skapnad. Bør Børson er våre urkrefter i drift. Han har vori her sidan Hårfagres tid, og vil bli her i all framtid. Børson var eit godt hovud og ingen senge- eller sofahelt. Og langt frå ein




Johan Falkberget frå den tida han skreiv «Bør Børson Jr.»

dårleg person. Folk i alle aldrar toler å sjå og høyre han — ikkje minst i ei tid då dei beste eigenskapane hos menneska ikring i verda trugar med å gå opp i liminga.

Bør Børson er ei personifisering av den sunne og friske draumen om framtida, den vi alle har hatt i ei eller anna form. Han — som Don Quijote og vår eigen vidgjetne Peer Gynt for å nemne eit par eksponentar. Med dette vil eg ikkje ha sagt at eg steller meg i positur ved sida av Cervantes og Ibsen. Eg kjenner mi avgrensing.

— — Ole Elveplassen er reversen både til Børson og samfunnet. Eg har freista prove korleis fattigdom og naud og all tenkjeleg elende driv eit menneske inn i naudlygn og kjeltringstrekar for å berge livet. Det gamle klassesamfunnet greidde ikkje å forsimplen den gode Bør, takk vere hans ungdom og det strålende livsmodet hans.

Eg tek opp att freista. Børson smaug heller ikkje unna ei lygn når det kneip. Han gjorde det berre med større fantasi og eleganse, av di han var langt meir gåverik enn den stakars Elveplassen.



Som aille veit
så har æ vørre
på ein forretningstripp igjen
Å drosja roinnt
som æ plar gjørrå
te de forbindelsen æ kjeinn.
Det var trafikk så kolossal at æ fækk mest panekk
Æ såg tre-fire aut'mobila og ein vask'ekt trekk!
Ja, det er mangt
modern' i Trondhjem
og mangt å hente derifrå
Og no er æ
just ved poenget:
Det æ kainn anbefal' i dag:

For æ har kandis —
og rigabalsam —
og springstepsko til den som stepp
Og Hårfagre sin skokrem båd' i svart og brunt
som dåkk kainn ha på lok'alet når dåkk svinger roinnt —
Og sukkerlade —
te småførkjan' —
Den koste' nesten itj nå' peng
Og æ ha' parafin og sirupsfat
og blomstra ty og savelat
Ja, alt i væla, det har æ, believe me, baby —

Kjøp sukkerkandis —
og rigabalsam —
Vis heile væla at dåkk kainn
At itte dåkk e' knehøna' og ørsmå blitt,
men spøtte' i og kjøpe' så det monne' litt.

Arnliot Strømme Svendsen:

JOBETIDA — EI ØKONOMISK OG SOSIAL SYNKVERVING

Vi har hatt fleire jobbetider i nyare norsk historie. Men det er ei som overgår alle andre, jobbetida under første verdskrigen, og særleg dei mest forrykte månadene i 1917 og 1918. Skorten på skipstonnasje i verda og skorten på matvarer i Noreg, gjorde at etter-spurnaden dreiv prisane på skipsfrakt og matvarer som ei flodbølgje føre seg. Verdisystema rakna, folk fekk panikk og statsmaktene greidde ikkje å skaffe seg styring over utviklinga. Smarte individ som fekk råvdelde over dei knepne gode, ågra med dei og skumma ofte til seg vanvitug vinning. Inntekt og formue skifta eigar over natta. Strevsamt opparbeidde verdiar som enkeltmenneske eller verksemdar gjennom års slit hadde skapt, kunne bli røva av omsynslause jobbarar som utnytta salsmarknaden sin til siste dråpe.

Dr. Einar Einarsen hevda i si avhandling «Gode og daarlige tider» (Kristiania 1904) om jobbetida i 1890-åra, at

«spekulasjonen nådde en høyde, som minner om 70- og 50-årene. Også nu ble Norge for lite, så man måtte ty utenfor landets grenser for å finne spekulasjonsobjekter, snart tomter i St.Petersburg, snart badehoteller i Danmark. Det var en stor tid. I Norge steg innførselen av vin på flasker fra 179.000 liter i 1893 til 444.000 liter i 1898, og verdien fra 429.000 kroner til 1.066.000 kroner. I stedet for 433 pianoforter i 1893 indførtes der i 1898 et antall av 1028.»

Jobbetid skriv seg frå ordet jobbe. Dette har ei dobbel tyding: Dels det å drive dristige, lettsindige spekulasjonar og dels det å slite, streve. Det kjem kanskje av mannsnamnet Job i det gamle testamentet. Ordet **jobspost** — uventa ulykkesbodskap — er eit anna språkleg minne om den ulykksalige Job.

Jobbetida 1917—1918 var ei ulykkeleg tid for land og folk, sjølv om nokre få børsbaronar og spekulantar gassa seg. Alt kom i ulage, sansen for proporsjonar i arbeid og produksjon blei røva bort, og evna til å planleggje og bygge for framtida blei borte. På den eine sida kunne nokre få velte seg i ødsel og luksus, og på den andre sida kunne store yrkesgrupper, som sjømennene, arbeidde med livet som innsats (over 2.000 omkom) og mesteparten av folket lide nød under dyrtida og vareskorten.

Jobbinga var særleg rådande i skipping, ikkje minst i skipsaksjar. Dei allierte trong tonnasje og baud opp våre frakttenester. Eit stort tal nye skipsaksjeselskap blei starta med aksjekapital på frå nokre hundre tusen kroner til mange millionar kroner. Berre i 1916 blei det skipa over 285 norske damp- og seglskipsaksjeselskap med vel 400 millionar kro-

ner i samla aksjekapital. Mange av dei selskapa som eksisterte, utvida kapitalen. Bergen og Oslo var sjølv sentra for jobbinga i skipspapir. I Oslo eller Kristiania flytta mange av dei nye skipsselskapa inn i Sjøfartsbygningen i Rådhusgata, som stod ferdig i 1915. Aksjemeklarar og assurandørar slo seg også til i denne vakre mursteinsbygningen. I dette huset, som hadde eit utal av moderne kontor, syda spekulasjonen, florerte nye prosjekt, tumla børsbaronar og prosjektmakarar seg i gullfeber, og inn og ut her strøynde millionane friskt og frekt. Mang ein lett tent formue blei skapt med pennen, men ikkje få blei borte heller saman med namnskilt og kontorinnehavar då ekstasen tok slutt i 1920-åra eller før. Også i Stavanger, Haugesund, Sandefjord, Tønsberg og Skien gjekk spekulasjonen livleg føre seg. I Stavanger var det ikkje mindre enn 30 — 40 aksjemeklarar og fondskontor i glanstida. Ein av dei var den seinare ordføraren Bertram C. Middelthon. Han etablerte seg som aksjemeklar i 1916 etter råd frå ein fabrikk eigar. Eit år var salget av aksjar og obligasjonar i det unge firmaet hans på 36 millionar kroner. Han fortel:

Kvinnene demonstrerer mot dyrtida.



«Det var lett å tjene pengar — lettere å tjene dem enn å tape dem de første år til krigens slutt. Og det var lett å få kreditt til millionomsetningen. Som tidligere nevnt hadde jeg fra min ungdom av hatt en liten kassakreditt i Stavanger Privatbank. Nu var høiesterettsadv. Kr. Berg bankens sjef, og jeg måtte jo ha utvidet min kassakreditt meget betydelig for å finansiere denne nye virksomhet. Så innfant jeg meg da i banken en dag og forklarte Berg situasjonen. Vi hadde i den tid noen små simple skriveblokker — de kaltes «økonomer», fordi de var så billige, dårlig papir etc. En slik liten blokk på 100 små papirlapper kostet 10 øre hos bokhandlerne tror jeg. Bankdirektøren gav meg en blyant og en slik blokk papir. «Skriv», sa han, og dikterte:

«Jeg andrar om å få den for min forretning nødvendige kassakredit.
Ærbødigst»

«Ikke noe beløp må De skrive», sa han, «det er ganske unødvendig.» Og jeg syntes dette hørtes greit ut. Om etter midt dagen fikk jeg et trykt sirkulære hvori det kort og godt stod:

«Andragendet er innvilget.

Stavanger Privatbank.»

Bilane vart óg tvungne til surrogatbruk — dei vart drivne med lysgass frå ein ballong på taket. På folkemunne gjekk desse bilane under namnet «Zepelinarar».



Men utan underskrift — det hadde ein truleg ikkje tid til. Ja, så var det berre å trekke på banken då — kr. 50.000,—, kr. 100.000,—, kr. 500.000,—, inga avgrensing.

Dei nesten uhyggjeleg svære pengesummane som kom det svært avgrensa tal reidarar, meklarar og spekulantar til del, blei kanalisert vidare til produsentar og leverandørar av luksusvarer og gjenstandar, til arkitektar, målarar, bilethoggarar og andre kunstnarar. Opera og teater fekk ein oppsving. Donasjonar til kulturføremål omga ofte dei gullfeberheite jobbarane med respektabilitet og beundring. Men dei blei også råka av hån og persiflasje av andre kunstnarar — på dei skrå bredder, ved dei runde borda eller i den rektangulære litteraturen. Det blei på få år reist ei rekkje praktfulle paléar og privatbustader, utstyrte med fersk kunst av dei største målarar og bilethoggarar. Sjølv i dag kan mange av desse praktbustadene minne om østerlandsk ekstragavanse ute av takt med omgivnaden elles. I Kristiania blei desse bustadene bl.a. reiste på Holmenkollen, på Bygdø, i strøket Halfdan Svartegate — Kristinelundveien o.s.v. På Bygdø kneisar enno Bergensreidaren Henrik Østervolds Grande-villa, som blei funnen verdig til å huse føraren Quisling under den siste krigen.

Jobbetida blei i nokon grad avspegla i det samtidige teaterrepertoaret. Algot Sandbergs børskomedie «Bomuldskongen», som var ein studie i børsspekulasjon med fallittar på løpande band, gjorde stor lykke på Den Nationale Scene i Bergen tidleg i 1918 før fallittane blei ein smerteleg realitet for publikum. Både i Oslo og Bergen samla Mirbeaus «Forretning er forretning» fulle hus i månadsvis. Motiva er økonomiske kjeltringstrekar og storforteneste. Einar Skavland skreiv om framsyning på Centralteatret at

«for den som har holdt sig fattig og dydig midt i all jobbingen, er det en husvælelse å se Octave Mirbeaus skuespill. . . . Se her hvad sørjobbereren og kjempegründeren Isidor Lechat får igjen for sin svimlende rikdom. Bare sorg i familien, tomhet og ulykke. Det er trist for mannen — men man går allikevel en smule oppmuntret hjem til sin frugale aftensmat og sin huslige hygge og smiler bare medlidende av de små norske jobbelechater som er nær ved å kjøre en over med sine brølebiler på hjemveien.»

Kristian Elster fikk i april 1918 oppført det nye stykket sitt «Den store formue» som også handlar om korleis brå rikdom fordervar elles skikkelege og fornuftige menneske.

Ikkje alle ville nøye seg med å avreagere på dei vanvituge tilstandane i samfunnet med ironi og hån, vidd og nidviser. Det blei etter kvart halde massedemonstrasjonar og reine hungertog til Storting og statsmakter. Det ulma revolusjon under overflata av jobberparadiset. Som det blir sagt i dag — berre i dei mest tilbakeliggjande u-land et ei styrt-

rik overklasse av gulltallerkar. Dei skrikande kontrastane i Noreg anno 1917—18 kunne minne om slike land.

I ei bok som kom ut i Bergen i 1916 — «Bergenshumør» — var allereide jobbinga blitt eit hovudtema, som bl.a. i nokre strofer frå visa:

1.000.000

Tidernes tegn er de svimlende nuller
sedlerne flyver, og kronerne ruller.

Tanken staar stille,
mens pengene trille
lydløse ned i det gapende svælg.

Aktier tegnes og sælges og kjøpes,
«holker» og «likkister» fjelges og døpes,
glemmer sin fortid og lever paany.

Samfunnsforskarar har i svært liten grad kasta seg over jobbetida for å studere korleis denne sosiale og statlege sanktveitsdans kunne ri eit land som vårt. Professor Wilhelm Keilhau ga i 1923 og 1925 ut to skjønnlitterære bøker anonymt, nemleg forteljinga «Torre Tank» og «Bankchefens dagbok». På bok-


omslaget er det teikna symbolske såpebobler. Seinare skreiv Keilhau ei inngående økonomisk avhandling, «Norge og verdenskrigen». Professor Johan Schreiner, som etter oppdrag frå Norges Rederforbund i 1963 ga ut «Norsk skipsfart under krig og høykonjunktur 1914—1920» (467 sider), kjem nesten ikkje inn på jobbinga i skip og skipspapir. Jobsposten høyrer likevel med i skipsfarten sin totalbalanse i krigstida. Sjølv på ein annan måte enn slik «Bergenshumør» frå 1916 registrerte det.

JOBS FØRSTE OG ANDEN BOK

Spekulerer,
Kontraherer,
averterer,
adderer,
summerer:
Smil!
Spadserer,
inviterer,
spenderer,
trakterer,
brillierer,
jubilerer:
Bil!

Ballancerer,
jonglerer,
grubliserer:
Subtraherer,
Tvil!
dividerer,
diskonterer,
reviderer,
realiserer,
havarerer,
pøniterer,
emigrerer —
Hvil!





Å, æ kjinne' ein kar,
å, ein støvandes mainn.
Men hainn må itj få våttå at æ elske' hainn
Tudel di, tudel dam, tudel dei.
Så æ går roinnt og læsst
som æ plukke' litt bær,
som æ sparke' bort småstein
og kjikke' på trær,
så'n sjøl itj får snust opp og folk itj spør
om d'er så at æ elske'n Bør.

Og veit dokk ka'n finn på? 'N ha såpa i håret
så æ ska' lukt' at'n e vørte haindelsmainnn. Og
nåd' mæ om æ itj merk'det . . . 'N e' no søt.

Å, æ kjinne eit hus,
æ sjer for mæ eit hus
kor vi to ska' lev' sammens i sus og i brus . .
Tudel di, tudel dam, tudel dei.
Med ei kvitmåla grind
og ei pi' og ein glunt . . .
Å, det e' så banalt
at det næsten går rundt.
Men æ veit ka æ vil, æ veit kem æ vil ha,
og så leng' æ veit det, e' det bra.

Og så ska'n kjøp' sæ motorsykkel. India Vele-
ciped. Og så ska'n kjør' bygda roinnt,
og med mæ på
bagasjebrettet . . . 'N e' no søt.

Å, æ kjinne' ein kar
som vil opp og vil fram,
som itj vente' til væla kjæm roilland's te hainn
Tudel di, tudel dam, tudel dei.
Ein som itj sit og håpe'
på stønad og trygd,
men som prøve få liv
i ei si'rompa bygd.



FRÅ EIN SAMTALE MED AASTA FALKBERGET

— Bør, det er meg det, sa far alltid når ein-
kvan spurde kvar han hadde henta stoffet
frå. Og jamvel om «Bør Børson» står fram
som ei svært einsam svale i forfattarskapen
hans, ligg det eigne røynsler bak, både på
det indre og det ytre planet. Saman med
bestefar dreiv han til dømes ein liten land-
handel oppe ved Kongens Gruve der den
nybakte krambukjøpmannen stod utanfor bu-
tikken og ropte i beste Bør Børson-stil: «Pri-
ma varer til billigste pris! Reell betjening!»

Reelt nok hadde han handelsskoleeksamen pr.
korrespondanse, men han var altfor godhjar-
ta til å bli ein dugande kremmar. Han elska å
late seg blakke, selde alt på kreditt etter
kvart, og gav bort mest heile varelageret. Og
så gjekk det som det måtte gå: Med dundran-
de konkurs. Han vart ribba heilt til skinnet et-
ter tvangsauksjonen heime i Trondalen. «Aldri
har vel nokon tent så mykje på ein kon-
kurs,» kunne han med rette seie i seinare år,
då han såg kor populær «Bør Børson» vart
blant folk. For utan kremmartida på gruva
kunne han nok aldri ha skrive romanen om
Bør Børson.

— Det finnest også ein indre slektskap. På
same måten som Bør freista også far å svin-
ge seg opp frå ein vanleg fattiggut til å bli
«storkar». Nett her låg det ein veldig revan-
sje for han sjølv. Men når han endeleg vart
storkar, så vart han slett ingen Bør Børson!
Mannen hadde draumen levande i seg gjen-
nom slitet — og draumen var å reise seg opp
over kvardagsstrevet etter mat og klede og
bli til noko. Dette har ganske sikkert også
vore med på å farge Børs personlegdom.

— Men han gløynde nok aldri heilt bort dei
kremmarkunstene han lærte i unge år. Eg
minnest godt for ein fantastisk innkjøps-
mann han var under krigen, eit stort sjarme-
troll med blink i augnekroken. Han var eks-
pert på å skaffe kaffe, tobakk etc. frå kjøp-
mennene. Sykla ofte ned til krambua som
var stappfull av folk på jakt etter kaffe, suk-
ker, tobakk og andre ettertrakta mangelva-
rer. Og far han letta lurt på diskellokket
og forsynte seg sjølv, og da kunne ein nok
ofte høyre dialogar som denne:

— Næmen Johan, e du på innsia tå di-
ska du'a?

— Åja, du veit ska'n få te' no' nå for tida
så må'n nok vera på innsia tå diska!

Herpå kom gjerne gubbane luskande.

— Johan, du sku vel itt ha no' tobakk?

— Å, je e vel itt heilt fri. . . .

— Og no' kaffe

— Å jau.

Han var rett og slett fantastisk til å sjarmere
seg til saker og ting. Men delte med alle og
var utruleg gavmild, som Bør.

— Far hadde nok opphavleg tenkt å skrive
ein refsande roman om spekulasjon og job-
betid. Men han kunne jo ikkje kome til redak-
tør Østerholt i vitse-bladet «Hvepsen» med
ein tragedie! Det måtte vere morosamt. Og
at det vart morosamt, viser lesarane sin dom.
Då Bør kom som føljetong i «Nidaros» året
etter at det hadde gått i «Hvepsen», vart det
utruleg populær lesing. Og så gjekk «Bør
Børson — Olderdalens Største Søn. En For-
tæljing av J. Falkberget. Illustrert av Nils
Moa». på rundgang.

— Det var nok ikkje heilt rett som det ofte
vert sagt at far ikkje ville vedkjenne seg å
ha skrive Bør Børson. Han syntest alltid det
var like moro når bror min Magnus sette opp
Bør på turneteatret sitt. Han kosa seg over
å sjå at stykket kunne redde økonomien kvar
gong det var ebbe i kassa. Nei, Bør Børson
var nok så absolutt i far si ånd!

Kjære Aasta Værtnö -
Ja, så skal du ha takk
for at du som lita jente
hjalp meg å le da jeg
skrev «Bør» på gruvet.

Herrn 30^{te} september 1954.

Far.

BØR BØR

Mussikkspell i to akter et

Bør Børson jr.
Gammel-Bør, far hans
Ole Elveplassen
Torsøien
Torsøia
Josefine Torsøien, dotter deira
Nils Tollvold jr.
O. G. Hansen, lensmann
Frøken Finckel
Baronesse von Rosenhald
Laura Isaksen
Ida Olsen
Olsen, prokurator/muse-
pulverdirektør
Ivar Zoler: } aksjemeklarar
Elias Månen }
Verten på Hotell Nordpol
Dansarar


ROLV WESENLUND
ROLF SAND
WILFRED BREISTRAND
FRIMANN FALCK CLAUSEN
MAIN KRISTOFFERSEN
BRITT LANGLEIE
DAG SANDVIK
SVERRE WILBERG
SØLVI WANG
SØLVI WANG
SØLVI WANG
BERIT KULLANDER

DAG SANDVIK
SVERRE WILBERG
ROLF SAND
FRIMANN FALCK CLAUSEN
KJERSTI ALVEBERG
SVENN BERGLUND
JON BERLE
LEIF BJØRNESETH
RUNAR BORGE
TOVE EDWARDS
MAIN KRISTOFFERSEN
BERIT KULLANDER
WENCHE LUND



ARSON JR.

etter Johan Falkbergets roman



Manus:
Musikk:
Regi (etter Sverre Udnæs'
originaloppsetjing):
Koreografi:
Dekor:
Kostyme:
Musikalsk leiing:
Repetitør:
Parykkar:
Inspisient og turnéleiar:
Rekvisitør:
Sufflør:
Scenemeister:
Lysmeister:

HARALD TUSBERG
EGIL MONN-IVERSEN

HENNY MÜRER
HENNY MÜRER
PER FJELD
GRETHE WANG
EGIL MONN-IVERSEN
EINAR IVERSEN
DORO WALSTAD
KRZYSZTOF SELIGA
STEIN HAMRE
TONE ASTRUP
JOSEF VALKO
VIDAR EGGEN

I ORKESTRET: Petter Brambani, Frank Cook, Kjell Haugen, Einar Iversen, Rolf Malm, Svein Johann Ose, Bernt Anker Steen, Gunnar Aas.

1. AKT:

HAR DOKK HØRT AT'N BØR VØRTE TOILLAT? (Ensemblet)

Å, Æ KJINNE EIN KAR (Josefine)

BØRS SONG (Bør og ensemblet)

ÅÅÅÅÅ - Æ KOINN SPRÆKK! (Ole Elveplassen)

Å, Æ KJINNE EIN KAR (Reprise)

OMFORLATELS, O. C. BENTZEN (Bør)


FOR NO DRA' Æ (Bør)

Æ E JOMFRU (Laura Isaksen)

HJORTENS VARIETÉBALLETT (Ensemblet)

NILS' KJÆRLEIKSVISE (Nils Tollvold jr.)

WIENERBRØD - TANGO (Bør, Laura)



2. AKT:

EIN FLOTT BUTIKK (Bør, Gammel-Bør, Laura, Ole)

EIN FLOTT BUTIKK II (Bør, Gammel-Bør, Laura, Ole)

EIN EREMITT ME' DYNAMITT (Nils Tollvold jr.)

GJEMMESPEL (Ensemblet)

REISEN TIL KRISTIANIA (Balletten)

ZOLEN OG MÅNEN

EN SKA'KKE MENGE SIG (Baronessa og Bør)

SHIMMY (Ida Olsen, Zolen, Månen og balletten)


ZOLEN OG MÅNEN (Reprise)


Æ HA' DET BETTERDØ BEST (Josefine)

'N BØR E' KONKURS (Ensemblet)

LØKKA SI PAMFILIUS (Ensemblet)

FINALE (Ensemblet)






Nei, en ska'kke menge sig for my' med bermen.
En skal se an sitt bekjentskab, ærlig talt,
fidelibom.

Ja, jeg håber Dere ikke blir fornærmen,
når jeg si'r en ska'kke slepp' innpå seg alt,
fidelibom.

Nei, når en er blitt millionær
og har fått posisjon,
da kan dem kjøsse meg på manda'n
om jeg krøsser no'n.

Vi ska' ha dørskilt om at «Bud går kjøkkenveien»,
så kan alle se at vi har kondisjon!





1.000.000

Tidernes tegn er de svimlende nuller,
sedlerne flyver, og kronerne ruller.

Tanken staar stille,
mens pengene trille

lydløse ned i det gapende svælg.

Alle aviser er fulde av «tegninger»,
samtlige lyser av haabets beregninger;
— hvis De vil tjene saa læs kun og vælg!

Aktier tegnes og sælges og kjøpes,
«høkker» og «likkister» fjelges og døpes,
glemmer sin fortid og lever paany.

«Stjernen» ex «Byttingen», «Svanen» ex «Ællingen»
pumper avgaarde med sjøen til rællingen;
stiger dog hurtig i kurs og ry.

Noget for alle!

Slet ingen vil falde;

alle vil stige i vilden sky.

«Fordalen», «Bakdalen», «Tuck», «Galathèa»,
— kom og forsøk! Skal det være en Lea?

Hilda og Dina, Hortense og Petra,
Ole og Erik og Robert etcetra;

glimrende fragter,

og single-dæk agter!

Eller en Thorbjørn og Janvold og Jan?

Møhlenpris, Gyldenpris, Røverpris, Skidt-i-pris.

Endnu de stiger antagelig litt i pris.

Kjøper til Hamsun og Kjelland og Kjeld!
Otta, Casconia, Drot, Amicitia,
om De vil naa til ni hundre og nitti ja?

Harriet — pari, get! Tusen procent!

Aktiv og Passiv og Flint og Camilla
skaffer sin eiermand hurtig en villa.

Fri til Erica,

den herlige flicka,

snart gjør hun sig kostbar, min ven bare vent!

Bisp, Salamanca og Markland og Bygland,

Eros ex Kul, Elefantland ex Mygland,

byget i Fevig

og fragtet for evig.

Saima, Slaraffenland, — kjender du Pan?

Solhaug og Solbakken, Songa, Avona

faar Jobbe Jobbesen bra provision a.

Gaar d'ikke fykende,

gaar det ikke strykende,

Vestlandet, Vestlandet, kjøp, hvad du kan!

Haabet er skjønt, naar det roligen hvælv
solblanke skjold over ældgamle traug.

Men hvor de smaa aktionærene skjælver
for telegrammer og u-baat og draug!

Hvis det gaaar godt, blir det nye resourcer,
nye papirer, — tilslut million!

Men blir der fred, — hvilke kurser, konkurser,
levninger, stevninger, eksekution!

HI.

(Frå «Bergenshumør», 1916.)



Husnauda auka i Noreg under første verdenskrigen. Folk budde på loft og i kjellarar.



Matnauda auka óg — jamvel Slottsparken vart pløygd opp til potetåker.



Det var mangel på brensel. Vilde gamlemor ha koks, måtte ho hente han sjølv.

JOBBSORGER

I salongen på vårt dyraste sportshotell sit to fruer og pratar. Den eine er unge brårike fru Olsen — uttalt Jobbenskjold:

«Janei, tilhøva her er altså latterleg små, eg har altså gitt blomsterleverandøren min ordre om å sende ei øskje orkidear opp hit kvar evige dag for å ha til bordpynt, men så får eg altså brev i dag at han — ja kva gir De meg — ikkje kan skaffe! Tenk! Ja, det er altså slik at . . . Eg fattar ikkje kva eg skal gjere eg, og så sender han meg nellikar i staden — ein billig blomst som ein kan finne i kvarmanns hytte.

— Ja, De kan ikkje tru kor «vi» blir plaga. Janei. Oss trur dei dei kan misbruke på alle tenkjelege vis, av di vi har tent nokre stakkars kroner. Men herregud, dei er da verkeleg **våre**. Ein dag fekk eg eit anonymt brev. Brevskrivaren hadde høyrte at eg og mannen min drakk champagne til kvar evige middag! Ja, men herregud når vi altså har råd til det, kvifor skulle vi ikkje unne oss eit lite glass påmmery sec. — Men nei, eg har no sett meg i hovudet at eg ikkje **vil** bli misbrukt, berre av di ein har tent nokre skillingar. . .»


Etter å ha fortalt at kammerpika sa opp då ho var blitt nekta pålegg frå 30 kroner månaden: «. . . det strekk då rundeleg til for hennar fordringar til livet, alle blusane sine får ho jo etter meg.»

«Veit De kva den bilen fru Guld har kjøpt kostar — femten tusen berre, ein får då verkeleg ikkje ein skikkeleg bil til under førti tusen.

Vi har kjøpt eit fint sølvserveis til hundre personar — enormt kostbart, det er berre oss og Fritzøhus her i landet som har det. Joda. . . .

Men no har vi kjøpt ein masse mål jord og skal leggje ut til park i engelsk stil, vi har tinga ei enorm fontene av Vigeland. . . .»

(Saksa frå Per Vogt: Jertid og jobbetid.)




Høyrte på børsen:

«Det har ingen fare, sier den unge kontordame i et assuranseselskap til sin veninde, for det blir ikke fred så snart.

Det er deilig, svarer veninden, bare krigen vil vare i riktig mange år. Så tjener vi så godt.»

Brev til Kristianiameklar frå kjend industriherre:

«Vi ser aksienbidelsen paa Wagama, Noceana, Astic og Basis. Vi vilde gjerne have en aksi hver, men da vi ikke har nogen Penge og lægge ud strax saa tænkte vi om Fabrikeieren vilde lægge di ud for os for vi tror De har Penge nok, saa kunde Di tage deres Penge tilbage naar vi har tjent di op paa aksien.»



SPELPLANEN PÅ DET NORSKE TEATRET

På Hovudscenen:

Jean Giraudoux

Den gale fra Chaillot

Regi: Kirsten Sørli
Scenografi: Guy Krohg
Med Tordis Maurstad i tittelrolla

Gustaf af Geijepstam

STORE-KLAS OG

VEGLE-KLAS

Regi: Kjetil Bang-Hansen
Scenografi: Anna Gisle

Henrik Ibsen

EN FOLKEFIENDE

Regi: Ingebjørg Sem
Scenografi: Arne Walentin

På Scene 2:

Pavel Kohout

KRIG I FJERDE ETASJE

Regi: Harald Hoas
Scenografi: Snorre Tindberg

Fernando Arrabal

FRUKOST I DET GRÖNE

Regi: Odd-Jan Sandsdalen
Scenografi: Snorre Tindberg

Tennessee Williams
Varsel for små farty

Regi og scenografi: Bjørn Endreson

Ödön von Horváth

DON JUAN KJEM FRÅ KRIGEN

Regi: Harald Hoas
Scenografi: Snorre Tindberg

